

Referat frå møte med grunneigarar og naboar til Grøn Næringspark Kvinnherad og Kvinnherad kommune

Tid: onsdag 27. august 2025 kl. 17.00 – 18.00

Stad : Møterom hjå Kvinnherad Næringservice

Deltakarar:

Grunneigarar: Gerd Slåke, Astrid Slåke

Nabo: Helge Roar Rein

Frå kommunen: Plan, bygg og eigedom: Anne Lise Næs, Næringssjef Grete Solheim

Frå styringsgruppa: Bente Marie Sjo og Gro Jensen Gjerde

Prosjektleder Jan Petter Myhre

Nokre av grunneigarane har meldt forfall. Alle inviterte vil få dette referatet.

Prosjektleder Jan Petter Myhre ynskte velkomen til møte.

Bakgrunn for møtet var blant anna å orientera om status i arbeidet, og ei drøfting på «vegen vidare». Ikkje minst å høyra kva grunneigarar og naboar tenkjer om arbeidet til Grøn Næringspark.

Status:

Hardanger Biogass har starta grunnarbeidet i tomte si. Dei vil vera klare for drift om eit års tid. Området deira ligg under den gamle reguleringsplanen.

Nokre aktørar har vore i kontakt med grunneigarane i næringsparken. Dette er veldig positivt!

Opparbeiding av den interne vegen , frå nord til sør, er tildelt til entreprenør, Byggservice AS.

Statnett og Fagne arbeider for å få meir straum til regionen. Dette gjev Kvinnherad ei stort føremon i høve til andre kommunar.

Myhre har vore i dialog med Tomas Bruvik , som uttrykte at han – på vegner av dei han representerer, er positiv til sal av areal

Per Christian Hoelfeldt Lund seier noko av det same . Er i modus for sal, og har inngått intensjonsavtale med aktør.

Det er positivt at det er aktørar som er interessert i tomter, og reguleringsarbeidet er med på å auka verdien på arealet.

Styringsgruppa legg seg ikkje opp i prisar – det er opp til grunneigarane, men ser konturar av prisnivået.

Reguleringsplan

Anne Lise Næs orienterte om arbeidet med reguleringsplanen. Dette er tunge dokument som måtte kvalitetssikrast, og ein såg undervegs at det måtte på plass meir detaljar for å kunne bygge infrastruktur direkte etter områdereguleringa. Plandokumenta må også oppdaterast som følgje av justeringar.

Det er sendt ei bestilling til konsulentane om å få på plass fleire detaljar.

Ein veg er teikna ut – vegen som går frå nord til sør i Næringsparken, men me treng mellom anna å teikne ut dei øvre vegane også.

I arbeidet med reguleringsplanen ligg det førebels krav til miljø og miljøsertifisering av arbeidet og byggeprosess. I utgangspunktet ønskjer ein å gjere justeringar her, og prosjektgruppa ønskjer i det vidare å halde seg til dei retningslinjer som ligg i norske lover og retningslinjer.

Det vert møte med konsulentar i neste veke, der dette skal drøftast. Fokus er mellom anna lokale arbeidsplassar og bruk av lokale entreprenørar.

Vegnorm – inneber at ein tek omsyn til nye reglar og forskrifter.

Helge Roald Rein stilte spørsmål om finansiering av veg. Kvinnherad kommune har sett av 24 MNOK til vegbygging

Rein stilte også spørsmål om pris på arealet Vireo AS har betalt for biogasstomta. Grete Solheim svarte at prisen var basert på ein intensjonsavtale frå 2019, og at prisen inneheldt både prisjustering ift konsumprisindeks og auka kunnskap om massehandtering og ureina massar. Prisen er for råtomt med opparbeiding av veg og noko infrastruktur fram til tomtegrensa. Det var difor vanskeleg å berre seia at denne prisen utan vidare var retningsgjevande for sal av nytt areal, men kunne gje ein peikepinn.

Rein uttrykte at det var viktig at det ikkje blir forskjellsbehandling mellom dei ulike aktørane.

Myhre svarte at felleskostnadane må fordelast mellom alle. Her er det ulike modellar og ulike utgangspunkt.

Solheim orientert om no vert 40% av vegen bygd. Dette løyser ut arealet til biogasstomta, denne vegbiten er kostnadskrevjande då den inkluderer kryssing av bekk og fleire kulvertar.

Viktigaste er at kostnadane vert fordelt . Alle må betale sine delar, sidevegar vert dyrt

No er mange ting på plass, og vegen vil hjelpe på sal.

Myhre meinte at det ideelle hadde det vore at ein stor aktør sto for utviklinga. Slik er det ikkje.

Men me er i ein vinn-vinn situasjon. Energi, areal, tilgang til sjø er veldig viktig . Alle har noko å vinna på om me får til å dra lasset i lag.

Rein meinte at kommunen må bli flinkare å marknadsføra arealet .

Solheim svarte at prosjektering av heile vegtraseen er gjennomført – sjølv om reguleringsplanen ikkje er vedteken

Kommunen har i fleire år vore i dialog med interessentar, tilbakemelding frå interessentar er ofte at dei ønskjer å sjå at arealet blir ferdig regulert. No er det mange ting som er på plass og det vil gjere marknadsføringa av Grøn Næringspark lettare.

Myhre stilte spørsmål til grunneigarane om dei synes arbeidet går det rette vegen? Det var ingen kommentar til dette.

Dialogmøte

Det vert dialogmøte med næringslivet 23.september i regi av Kvinnherad kommune

Solheim sa at det er god drøfting, og koordinering mellom Fagne, Statnett og kommunen mfl.

Kommunen får noko infrastruktur på plass i sør ved at Fagne og Statnett bygger dette i forbindelse med si utbygging.

Massar:

Det kjem mykje massar – frå ulike stader i kommunen. Solheim stilte spørsmål om desse kan nyttast, event. til ein kaifront i Næringsparken. Får ein til dette, vil verdien på tomter auka.

Før ein kan gå i gang med byggeprosessane, må detaljane på plass – før løyve .

Planprosessen krev involvering, og det er venta at planforslaget ikkje er ferdig før våren 2026.

Difor er det atypisk at vegen vert bygd før planen er godkjent.

Tilgang til restvarme frå Hydro Husnes vart drøfta. Her ligg det føre ein ny rapport som syner at energipotensialet er større enn tidlegare trudd. Hydro vil finna ut kor mykje dei vil nytta sjølve, men det vil utvilsamt vera store mengder restenergi tilgjengeleg for aktørane i næringsparken. Viktig at infrastruktur for fordeling av slik restenergi vert teken med i planlegginga av m.a. vegframføring og tomteutvikling.

Det kan vera mogleg å finna finansieringsressursar i verkemiddelapparatet for slik energibruk.

Myhre opna for spørsmål til arbeidet, noko det ikkje var.

Han takka for frammøte og oppmoda til å ta kontakt om det kjem opp spørsmål til arbeidet.